

**Fra:** Børge Skårdal (bs@vest-telemark.no)

**Sendt:** 19.11.2018 14:15:17

**Til:** Matti Torgersen; Gottfried Heinzerling

**Kopi:** Atle Kvåle; Arne Bergsvåg

**Emne:** E134 Haukelivegen AS. Prioriterte vegprosjekt.

**Vedlegg:**

**Til**

- Hordaland fylkeskommune
- Rogaland fylkeskommune

**E134 Haukelivegen AS. Prioriterte vegprosjekt.**

Dette brevet blir sendt fylkeskommunane i samband med regionmøtet med Statens vegvesen 30. november. Vi håper brevet blir tatt omsyn til i samanheng med regionmøtet og vidare prosess fram mot NTP-rulleringa. Det er ingen nye element fra vår side, bare ei påminning og presisering.

**E134 Seljestad-Røldal (Liamyrane).**

Dette er første byggetrinn for ny veg over fjellet. Oppstart er planlangt 2022/23 med låneneopptak for å finansiere første fase og statleg finansiering frå og med 2024. Prosjektet synest godt ivaretatt i handlingsprogrammet til Statens vegvesen etter drøftinga av NTP 2018-29 i Stortinget. Det er likevel viktig å ta opp att prioriteringa når ny NTP skal lagast.

Reguleringsplan er til handsaming i Odda kommune. Statens Vegvesen arbeider med bompengerutgreiing.

**E134 Røldal (Liamyrane) – Vågsli.**

Dette er andre byggetrinn for ny veg over fjellet. I inneverande NTP er prosjektet tildelt ein liten oppstartbevilgning mot slutten av NTP-perioden, i praksis 2029. Ved rulling av NTP er vår målsetjing fylgjande:

- Prosjektet må vere fullfinansiert innafor ny NTP-periode (2022-33)
- Byggestart må vere i første seksårsperiode (2022-27).

Reguleringsplanar for heile strekninga er til handsaming i Odda og Vinje kommunar.

**E134 Haugalandet (Bakka – Solheim).**

E134 frå flyplass og hamn på Karmøy og inn til Bakka i Etne har nå ein avklart korridor for framtidig veg. Bakka-Solheim har ein gjeldande kommunedelplan og er vår førsteprioritet for denne strekninga.

Statens vegvesen har nå under arbeid framtidige strategiar for samferdsel i regionen, mellom anna basert på bompengefinansiering etter at nåverande Haugalandspakke er slutt i 2023.

Vi håper det skal vere mulig å få definert prosjekt på E134 med ei blanda finansiering og med tilstrekkeleg omfang til at heile eller betydelege delar av Bakka-Solheim kan realiserast.

Saka er kjent for fylkeskommunane og vi ber om tilslutning til ein strategi med å utvikle ein strekningspakke for E134.

**RV13 Oddadalen.**

Dette er ein del av indre nord-sør korridor frå Kristiansand til S&Fj via Odda og Voss. For trafikken frå Vestfold/Telemark er Oddadalen den naturlege og mest rasjonelle ruta mot Hardanger, Voss og Bergens-regionen. Oddadalen er vidare ein del av den mest sannsynlege ruta for ein framtidig «arm til Bergen» frå E134. Dessverre manglar framleis den anbefalte KVU-en.

Det er gjort traséavklaring i gjeldande kommunedelplan for strekninga E134 – Hildal. Det er fleire grunnar til at nåverande veg bør få avløsing. Tryggleik og regularitet er dei viktigaste men også utvikling av Låtefoss-området krev ny vegløsing.

Med vennleg helsing

E134 Haukelivegen AS

Børge Skårdal, dagleg leiar

97037989; [www.134.no](http://www.134.no); [bs@vtnu.no](mailto:bs@vtnu.no)